


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd: B. Haukanes, A. R. Hauge og B. Bødker



25 ÅR I SAMNANGER

I dag, 1. mars, er det 25 år sidan Audun Aase vart innsett som prest i Samnanger. Me stikk innom kontoret hans for å slå av ein prat,

- Kva var det som gjorde at du søkte deg til nett Samnanger den gongen for 25 år sidan?

- Me hadde vore i Måløy i mest tolv år og kjende at det var tid for å finna ut om det var der me ville vera eller om me skulle flytta på oss, og fann då ut at det me ville, var å prøva noko nytt. Me ynskte å koma nærare i alle fall nokon av besteforeldra til borna våre. Sidan Marit sine foreldre budde i Vikøy og det var ledig prestestilling i Samnanger, vart det til at me søkte her.

På spørsmål om korleis han opplevde møtet med Samnanger og samningane, svarar han at han opplevde det positivt og at dei vart godt mottekne. Han minnest med glede ei fullsett kyrkje på innsetjingsdagen og at «Samklang» song frå galleriet. Dei var så mange at dei måtte stå på begge sider av orgelet.

- Særleg viktig for oss var det at borna våre også vart så godt mottekne - både i nærmiljøet og på skulen. Eldstemann tykte det var greitt å flytta til Samnanger då han hørte det var ei fotballbane nær prestebustaden, smiler Audun.

Samnanger var også meir lik den bygda han kjende frå oppveksten. Måløy var nok litt annleis med den nære tilknyttinga til fiske og fiskeindustri.

Audun har møtt oss samningar både i glede og sorg gjennom desse 25 åra så han kjenner folket godt etter kvart. Han tykkjer det er lett å få folk med på ting, - dei seier gjerne ja når dei vert spurde om noko. Særleg i trusopp-lærings-arbeidet ser han kor foreldra engasjerer seg og hjelper til der det trengst. Det er svært gledeleg. Det som gjerne er vanskelegare, er å forplikta seg over tid.

Ein ting han set pris på, er den åndelege fellesskapen han har fått ta del i desse åra. Det har også vore gjevande å få gå i lag med menneske som har hatt det tungt. På tomannshand har han fått sjå korleis evangeliet, Guds ord, treffer folk og gjev dei håpet tilbake. Han har fått følgja einskilde gjennom mange år, men skulle ynskja han hadde hatt tid til å besøka endå fleire.

Han gler seg over at folk er så opne for forkynning i bygda, og ser også dette som noko nytt blant konfirman-tane.

- Det er fint å sjå tøffe gitar

knela ved alterringen til ei velsigning eller ei enkel forbøn.

Det er ikkje så stort fram-møte til dei vanlege gudstenestene lenger og Audun vonar at den truande fellesskapen ikkje må smuldra bort. Han ynskjer at folk må finna tilbake til fellesskapen i gudstenesta. - Når me er mange, vert det òg tryggare for nye å våga seg inn. Me må verta flinkare til å invitera folk med oss, - skapa ein invitasjonskultur.

Me spør om han har ein visjon eller draum for framtida til kyrkjelivet i Samnanger, og det har han.

- Det kjennest vanskeleg at dei truande er så spreidde i bygda vår. Draumen min er at me saman skulle teikna eit tydeleg og varmt bilete av Jesus, Frelsaren vår, slik at alle skulle sjå det. ARH



Slik såg familien Aase ut då dei kom til Samnanger for 25 år sidan.

kyrkjekalenderen

Mars

Søn.4. kl. 11.00 – Haga
Lek gudsteneste
Predikant: Kristian Jørgensen
Liturg: Inge Aasgaard

Søn.11. kl. 11.00 – Ådland
Gudsteneste
Nattverd

Fre.16. kl. 19.00 – Ådland
"Det stråler eit lys" -konsert
Prosjektkor og Strandvik
Blandakor syng songar
av Anders Holmefjord,
komponert av Eilert Tøsse

Søn.18. kl. 18.00 – Haga
Storsamling/gudsteneste
ved Svein Høysæter
Ungdomar tek del
Nattverd

Laur.24. kl.18.00 - Haga
Konsert
Hardanger Big Band med
jazzgitaristen Gisle Torvik
Samarb. m. musikklaga

Søn.25. kl. 11.00 – Ådland
Gudsteneste med nattverd
Føresongarar tek del

Fre.30. kl. 19.00 - Ådland
Kyrkjekonsert
V. Tysse og Nordbygda mu-
sikklag og kantorane

April

Søn.1. kl. 11.00 – Haga
Gudsteneste palmesøndag
Nattverd
Søndagsskule for borna

Tors.5. kl. 18.00 – Haga
Skirtorsdagsgudsteneste
Nattverd
Ungdomar tek del

Fre.6. kl.11.00 – Ådland
Langfredagsgudsteneste

KONFIRMASJON 2013

Det har lenge vore eit ynskje mellom konfirmanforeldre om å flytta konfirmasjonsdagen til pinsehelga. Dette gjer det enklare for dei som er tilreisande, då det er fridag måndagen etter (2. pinsedag). Konfirmasjonsdagen for 2012 er som vanleg 1. søndagen i mai, 6 mai. Men for 2013 vil me altså prøva å ha konfirmasjonen på 1.pinsedag som er 19. mai. Dette for at dei som bestiller festlokale i god tid, alt no skal ha høve til å få rett dato på plass.

Lågare terskel til nattverden?

Det viser seg at ikkje alle som gjerne tek del i gudstenesta, like lett finn sin plass ved nattverdbordet. Og det kan ha mange grunnar.

For somme er det nok den typisk norske tankegangen: "er eg god nok?" Dessverre kan mykje av den kyrkjelege vegleinga om nattverden ha nørt opp under det. Men kven var det Jesus feira den første nattverden med? Jau, læresveinar som skulle fornekte og svikte han på det skammelegaste. Likevel seier han til dei, vel vitande om kva som skal skje nokre timar etterpå: "Eg har lengta inderleg etter

å eta dette påskemåltidet i lag med dykk før eg skal lida." Slik er det med nattverden i dag òg. Den er for alle som kjenner på ein lyst til å ta del. Så har vi gjerne alle vårt vi kan streve med. Vi går ikkje til nattverd fordi vi er gode nok. Vi går dit fordi Han er god. Nattverd er nåde.

Ein annan grunn kan vere formene. På tradisjonelt vis har vi i Samnanger knelt ved altarringen under mottakinga av nattverden, og det vil vi halde fram med. Men i samråd med soknerådet vil vi no innimellom gjere det på ein annan måte. Fleire kjenner

det frå andre samanhengar, som stemne o.l. Presten og nattverdmedhjelparen står då nedfor korgåtta (Ådland) eller framfor knefalla (Haga), og folk kjem i ei rekke fram, får brød og vin og går tilbake på plass. Dette kan evt. kombinerast med ei bønnevandring, om det er aktuelt. Vi kallar også dette for kontinuerleg nattverdfeiring, dvs. nattverdfeiringa er ei vandring i lag, noko som er eit fint, bibelsk bilde på det kristne livet. Kanskje dette kan vere med og opne nattverden for somme?

Audun Aase

frå kyrkjeboka



Døypte

13.11

Lasse Glenjen Lygre
Emma Ugbaniel Reistad
04.12

Leo Våge
25.12

Charlotte Nesse Trengereid
15.01

Iver Hadeland Thieme
12.02

Henrik Frøland Gaarden-Hansen
Sigurd Børve Røen



Vigde

11.11 - Tina Irene Rolfsvaag
og Tom Erik Granstad



Jordfeste

d.29.12 - Olga Bertine Nordbø
d.30.12 - Hans Haug
d.27.01 - Bjarne Kulild
- Malvin Wiland
d.31.01 - Kirsten Ivara
Kristoffersen